

Etisk framferd er ein føresetnad for at innbyggjarane skal ha tillit til offentleg forvaltning. Denne plakaten synleggjer hovudpunkta i dei etiske retningslinjene våre. Alle tilsette skal gjere seg kjende med retningslinjene, der det er gitt utfyllande merknader til det sentrale innhaldet i hovudpunkta. Retningslinjene finn ein på www.mrfylke.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

1. Generelt

1.1. Omsynet til innbyggjarane

Møre og Romsdal fylkeskommune løyser utviklings og forvaltningsoppgåver i ein regional organisasjon. Vi skal vere ein god tenesteytar for innbyggjarane og ein tydeleg medspelar i utviklinga av fylket. Vårt samfunnsoppdrag byggjer på verdiane respekt, likeverd, medråderett, fellesskapsansvar og open organisasjon.

1.2 Omsynet til fylkeskommunen sitt omdøme

Vi gjer oppgåvene våre og opptrer på ein etisk forsvarleg måte, slik at vi ikkje skader fylkeskommunen sitt omdøme.

2. Lojalitet

2.1 Lojalitet

Vi følgjer lov, avtale, reglar og etiske retningslinjer som gjeld for fylkeskommunen.

2.2 Rapportering

Vi skal melde frå til arbeidsgivar om forhold som kan føre til tap eller skade for arbeidsgivar, tilsette eller nærmiljøet. Tiltak vil då kunne setjast i verk for å unngå eller avgrense tap eller skade.

2.3 Effektivitet

Vi skal ikkje misbruke eller sløse med fylkeskommunen sine ressursar, men bruke desse så økonomisk og rasjonelt som muleg. Vi vil bruke god forvaltningsskikk og finne det rette forholdet mellom effektivitet, ressursbruk og kvalitet.

3. Open framferd

3.1 Innsyn for allmenta

Fylkeskommunen er open og tillet innsyn. Allmenta vil då kunne gjere seg kjent med våre gjeremål, og såleis få innsikt i korleis fylkeskommunen skjøttar oppgåvene sine.

3.2 Aktiv opplysningsplikt

Vi har ei aktiv opplysningsplikt. I enkelte høve vil dette innebere at vi på eige initiativ skal gi naudsynte opplysingar som kan vere viktige for handsaming av ei sak. Opplysingane vi gir, skal alltid vere korrekte og tilstrekkelege.

3.3 Tilsette sin ytringsfridom

Tilsette i Møre og Romsdal fylkeskommune har ein grunnleggjande rett til å ytre seg kritisk om fylkeskommunen si verksemd og alle andre forhold.

3.4 Varsling om kritikkverdige forhold

Vi må kunne varsle om kritikkverdige forhold i

4. Tillit til Møre og Romsdal fylkeskommune

4.1 Habilitet

Vi opptrer på ein slik måte at tilliten til at vi alltid er upartiske, ikkje blir svekka.

4.2 Attåtverv

Vi kan ikkje ha verv eller lønna oppdrag som strir mot arbeidsgivar sine legitime interesser, eller som er eigna til å svekke tilliten til fylkeskommunen. Vi er heilt opne om verv som kan ha noko å seie for gjennomføringa av arbeidet vårt.

4.3 Overgang til anna verksemd

Arbeidsgivar kan vurdere om han skal legge inn ein klausul i arbeidskontrakten når det gjeld overgang til ny stilling.

4.4 Kontakt med tidlegare kollegaer

Vi er varsame med korleis vi behandlar sensitive opplysingar. Dette gjeld m.a. ved kontakt med tidlegare kollegaer, og spesielt dersom dei representerer ein partsinteresse eller er i eit samhandlings- eller forhandlingsforhold til fylkeskommunen.

4.5 Mottak av gåver og andre fordelar

Vi tek ikkje imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller fordelar som er eigna til, eller som av givaren er meint til å påverke tenestehandlingane våre. Vi skal ikkje bruke stillinga vår til å skaffe oss fordelar vi ikkje har rett til. Dette gjeld også i tilfelle der desse fordelane ikkje vil påverke tenestehandlingane våre.

4.6 Deltakinga på arrangement

Deltaking på ulike arrangement skal vere samordna og oversiktleg. Næraste leiar skal ha beskjed.

4.7 Tilbod om gåver eller andre fordelar

Vi gir eller tilbyr ikkje gåver eller andre fordelar som er eigna til, eller som er meint å påverke mottakarane sine testehandlingar.

5. Fagleg handlefridom og objektivitet

5.1 Fagleg handlefridom

Prinsippet om fagleg handlefridom betyr at vi skal legge vår faglege kunnskap og vårt faglege skjønn til grunn gjennom heile tenesteutøvinga.

